

# HARDANGERKORET

v/Anne Karin Stormyr, Kvåle, 5627 Jondal,

Mail: [anne.karin.stormyr@kvamnet.no](mailto:anne.karin.stormyr@kvamnet.no) & mobil: 91394982

## Hei alle saman og GODT NYTT KOR-ÅR ☺

*Kvåle, 4.januar 2012*

Tusen takk for flott innsats i oktober og no sist, på julekonsertane i desember.

For at vi skal få ein god oversikt over koret, ber eg om at de betaler kontingenten for 2012 no snarast mogeleg. Med omlegging av kursorganiseringa vår, vart hausten mykje dyrare enn planlagt. Og alle som har høve til å betale kontingenten no snarast, hjelper oss med å kome i havn med siste utgifta frå 2011. Og så vonar vi å kunne presentere eit nytt samarbeid frå og med korsamlinga i mars☺

Dersom nokon ikkje kan vere med vidare, sender de oss ei enkel utmelding pr mail, slik at vi slepp å etterlyse kontingent. Alle medlemmene er sjølvstøtt påmelde til alle korsamlingane. Og Prots ber oss om å prioritere koret, slik at vi kan byrje finne forma som eit fast kor og ikkje som eit seminarkor. Har de ikkje høve til å kome på ei samling, må de melde dykk av samlinga. Når nokon mister ei samling, gjer kvar enkelt ein innsats for å tileigne seg det stoffet som vert jobba inn på den samlinga ein mister. Slik vert ikkje alt framand neste gong ein er med.

Flott om de elles hjelper oss vidare med rekruttering av songarar til Hardangerkoret. Vi treng i første omgang fleire altar ( inklusiv sopranar som tar utfordringa med å prøve seg på ei understemme:), tenorar og bassar. Flott om alle interesserte tek kontakt med Anne Karin pr. mail eller mobil. Send gjerne info om oss vidare til dirigentar, til andre som underviser i musikk, til kor og til enkeltsongarar som kanskje kan tenkje seg å vere med. Prøvesong for nye songarar vert på neste korsamling.

**Kontingent for Hardangerkoret 2012:** Kontingenten vart på ekstraordinært årsmøte 17.12.11 auka til kr.1000,- pr. songar. Sidan koret no har 3-4 samlingar pr. år, var det nødvendig å auke kontingenten. Medlemmene av Hardangerkoret vil ved betalt kontingent, ha fri kursavgift til korsamlingane. Kormedlemmene dekkjer sjølve reise, kost, opphald og notar.

**Takk for at de betaler medlemskontingenten innan 25.januar 2012, og takk til alle dykk som har høve til å betale med ein gong.** Dersom mange nok betaler no, vert vi ferdige med etterslepet frå 2011, og kan starte på ny frisk. Tusen takk skal de ha.

*P.S: Til nokon få som ikkje betalte for 2011: De skriv kontingent 2011-2012+ namn og betaler kr.1500,- . Takk for hjelpa.*

**\* Årsmøte 17/3 på neste korsamling.** De får nærare info om stad og klokkeslett.

1)Årsmelding 2) Årsrekneskap 3) Val 4) Kontingent

Dersom de har saker som bør handsamast på årsmøtet elles, sender de saksframlegg innan 17.februar.

Beste helsing Hardangerkoret, v/Anne Karin Stormyr, leiar.

## FAKTURA

Betalingsfrist: **25.januar 2012,**  
**og veldig gjerne no med ein gong☺**

Merknad: Kontingent 2012 Namn + beløp

Betalt av:

.....  
.....

Betal til:

**HARDANGERKORET, v/Nils Ove Kvåle**  
Pb.13, 5787 Lofthus

(Antal songarar) ....x kr.1000,- = kr. ...., **til kontonr: 3450.37.17354**